

BOKN BYGDABLAÐ

NR. 4 - MAI 1993 - ÅRG. 8

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

FORMANNSKAPET SA NEI TIL ØLSAL

KOMMUNESTYRET AVGJER SAKA 25. MAI

Det var stort fleirtal mot endring av nåverande praksis m.h.t. ølsal i Bokn kommune då formannskapet behandla saka den 27. april. Rådmannen sitt framlegg om å gi løyve til sal av øl over disk i kl. 2 til Steinar Alvestad og Bokn Handelslag fekk berre støtte av Høgre sin representant. Dei to frå Senterpartiet og den eine frå Krf. støtta Leif Vatnaland sitt framlegg om at søknadene ikkje skulle imøtekomast. Arbeidarpartiet sin representant gjekk frå som ugild då han er formann i styret for Bokn Handelslag.

I tillegg foreslo Sigurd Johnny Svendsen at rådmannen sitt framlegg om oppnemning av eit kontrollutval som skal ha ansvar for å utøva kontroll med sal av øl i Bokn kommune vart vedtatt. Det vart foreslått at helse- og sosialstyret skulle ha denne funksjonen. Dette vart samrøystes vedtatt.

Saka om ølsal over disk i Bokn kommune er likevel på ingen måte avgjort. Ho skal opp i kommunestyret den 25. mai. Ut frå røystinga i formannskapet og frå praksis i andre kommunar må ein rekna med at Krf. og Høgre sine representantar sannsynlegvis har tatt standpunkt.



Det er nok Arbeidarpartiet og Senterpartiet sine representantar som med si røysting vil avgjera dette. Når ein i tillegg veit at det vil koma inn varamenn, er det svært usikkert kva resultatet blir.

Det kan nok like lett vippra over på det eine som det andre.

TORSDAGSKAFFI PÅ ALLROMMET

Så mangt kan hende når me har Torsdagskaffi på Allrommet. Nå skal de høyra kva som hende ein torsdag føremiddag.

Ope bibliotek, dei gamle som kan, kjem inn frå sjukestova, nokre bygdafolk som har vore hjå doktor eller tannlækjar, og så slengjer der innom nokon som passar småungar og slike som låner bøker, og praten går om nytt og gamalt, slekt og gamle hendingar. Og så hende dette eg nå skal fortelja; Sigval Boknaberg seier til meg: - Har du høyrst at det skal vera eit raudt flag i kyrkja?-. - Nei, det har eg aldri høyrst nokon har nemnt, - svara eg. - Han Torgils farbror min fortalde det til meg, at i kyrkja i gamle dagar skulle det vera eit raudt flag med stong til, og flaget skulle hengjast ut frå tårnet ved mobilisering. Nå må du spørja og sjå om det kan finnast nokre filler att, kanskje ut under raftene eller stukke tilsides på loftet i kyrkja? -. - Ja du Sigval fortel, og så brukar eg "kjeften",- svara eg.

Fyrste sundagen eg gjekk til kyrkje møtte eg Odd "kyrkjetenar" og fortalde dette til han, og han svara meg: - Frå eg var liten gutunge har eg saman med far min vore høgt og låg i heile kyrkja, aldri har eg sett noko raudt flag og ikkje har eg høyrst om det heller -. Så møtte eg Bårdsen, presten. Heller ikkje han hadde høyrst at det skulle vera noko raudt flag i kyrkja. Sumaren kom og me reiste på eldretur. Eg fortalde om det på bussen, men ingen av dei eldre kunne svara på dette. Så ein dag var eg ein tur til Asta og Østen og der kom me og til snakks om dette. Og då kunne Asta fortelja: -



Flaget skulle hengjast ut frå tårnet ved mobilisering

Bestefar min han hadde eit raudt samanlagd, innpakka flag på loftet då eg var gjentunge, og dette flaget hørde til i kyrkja og skulle brukast dersom det vart krig-. Og han sa :-Dette flaget må ingen røra-. Asta kunne og minnst at ho og systera, Magnhild, var redde den pakken, og sprang forbi då dei skulle opp og leggja seg. Det var nok ordet krig som skremde. Men Asta sa: - Eg trur endå etg skal finna flaget-. -Men korleis kan det ha seg at flaget låg her?- sa Østen. - Det veit eg - sa eg. - Bestefar din Asta, han Lars Sæbø var rodeforstandar og hadde nok ansvar for flaget-. Loftet på Sæbø er for lenge sidan innreidd til to rom, men Asta har nå funne det raude flaget som hørde til i kyrkja og det er vel bevart, heilt og fint. Ein verneverdig ting for Bokn.

Du Boknar og andre som har erend på Boknatun ein torsdag føremiddag - un deg ei lita stungd på Allrommet med kaffi og vafler. Detr kostar berre 5 kroner, og "kosen" får du på kjøpet og mykje og mangt kan løysast her.

Helsing Målfrid Kro T.

VI HAR SØPPEL NOK - LAG KOMPOST!


Ein av dei næraste dagane vil du få ei brosjyre i posten om kompostering. Brosjyra er laga av Statens forureiningstilsyn i samarbeid med Miljøverndepartementet og Helsedirektoratet.

Hage - og matavfall er eit stort miljøproblem på mange av avfallsplassane våre. Avrenningsproblem, hygieniske forhold og utvikling av metangass (klimagass) gjer at dei sentrale myndighetene vurderar å forby deponering av organisk avfall på søppelplassane.

Sentralkompostering, dvs. innsamling av det organiske avfallet og kompostering på større fellesanlegg er ei aktuell løysing, bruk som dyrefor ei anna løysing. Men det som er mest nærliggande for alle som har hage er å kompostere det organiske avfallet sjølv.

Avfallet blir gjennom komposteringsprosessen til ein ressurs,- eit flott jordforbetningsmiddel med gjødselverknad !

Hageavfall kan alle kompostere på ein enkel måte. Vil ein prøve seg på kompostering av alt det organiske matavfallet



må ein anskaffe seg ein isolert og godt lukka kompostbeholdar for å hindre "uvedkommande" adgang til avfallet. Lufttilgang, rett mengde fuktighet, god tilgang til tørt strø er viktige stikkord for å få ei god kompostering.

Kommunen vil vurdere å subsidiere kjøp av isolerte kompostbingar for intresserte. På sikt kan det også bli aktuelt å vurdere reduksjon i renovasjonsavgifta for dei som komposterar. Ynskjer du meir informasjon,- ta kontakt med kommunen.

miljøvernleiar

NYTT MUSIKKANLEGG

Bokn kommunestyre løyvde i møte den 13. april kr. 20.000,- til nytt musikkanlegg til ungdomsklubben Petra og Diskoteket. I tillegg fekk dei eit rentefritt lån på kr. 10.000,- som er avdragsfritt dei to første åra, men deretter skal tilbakebetalast over 3 år. Det var svein Ove Alvestad som foreslo at dei skulle få lånemidlar i tillegg til dei

20.000,-.

Som kjent vart alt musikkutstyret ungdomane hadde på gamleskulen pluss CD-plater, kassettar m.v. stole for ei tid sidan. Forutsetninga for vedtaket i kommunestyret var at det nye utstyret blir forsikra, og at dersom det stolne anlegget kjem til rette, vil det bli kommunen sin eigedom.

"BOKN KYSTKULTUR"

PROSJEKTVEKA -93 VED BOKN SKULE

I veke 17 - 19. - 23. april la me skulebøkene til side og hadde ei annleis veke ved skulen vår.

Prosjektveka " Bokn - Kystkultur" er eit emne ved skulen.

Dei yngste ved skulen og 6-åringane hadde som hovudemne "Hus og heim i gamle dagar." Dei var turar på museet og fekk god omvising ved Målfrid. Ein dag var stasjonsarbeid og inneheldt: Video "Poteta til kvardag og fest" , baking av flatbrød, formingsgruppe. Torsdagen i veka var 2. og 3. klasse på fisketur og 1. klasse var ute i frisk vind på Are, reid på hestar og fekk sjå lam kome til verda.

4. - 6. klasse hadde som hovudemne fiskebåtar og fiskereidskap. Dei såg videofilmar om linefiske, trålfiske, og snurpefiske. Gruppene laga 8 fine veggbilete og hefte om emna dei jobba med, og bileta vart verkeleg fine til slutt. Dei fekk høyre eit foredrag om fiskebåtar før og nå. Dei var og på museet og såg på fiskereidskapar der.

7. - 8. klasse hadde og eit variert program. Måndag og tysdag vart klassane som til vanleg og er i saman i mange fag, delte i to grupper. Den eine gruppa var på skulekjøkkenet og fekk vere med å lage potetlefsar og potetkaker. Bertha Våge og Solveig Ellingsen hadde ansvar for kvar si gruppe saman med klassestyrar. Lefsene dei laga fekk me alle smaka på fredag.

Den andre gruppa hadde Vatnalandsvatnet som utgangspunkt. Der tok dei

ulike prøvar av vatnet og undersøkte plante- og dyrelivet. Nokre elevar sykla rundt og tok prøvar av fleire vatn på Bokn. Resultata vert presentert i neste nr. av bygdabladet.

Torsdagen hadde me vitjing av Ingebjørg Helland frå Natur og Ungdom i to timar og fekk god orientering om denne organisasjonen. Resten av dagen hadde miljøvernleiar Olaug Askeland ansvaret for. Ho fortalde i ein time om arbeidet sitt og dei tre siste timane fekk elevane med hjelp av Sigrunn H. Hosaas vere med å lage to kompostbingar for varmkompostering, som skal brukast av skule og barnehage frå hausten av.

9. klasse hadde eit eige opplegg denne veka "Prosjekt Bokn."

Mandag hadde dei vitjing av Arnvid Lillehammer frå Arkeologisk Museum som heldt forelesing og viste arkeologiske funn frå Bokn og Bokn si historie fram mot 1700. Svein Ivar Langhelle tok over etter matpausen og tok føre seg Bokn si historie frå 1700 - 1900.

Tysdag hadde rådmann Jan Erik Nygaard forelesing om "Politisk og adm. styring i Bokn og vart avløyst av næringskonsulent Stein Alendal som tok føre seg emnet "Næringsliv no og i framtida."

Torsdag hadde Bokn Bondelag sitt årvisse opplegg i 9. klasse. "Jordbruksspelet" hadde Leiv Våga, Sigmund og Svanhild Alvestad ansvaret for.

Til no har undervisninga på onsdag og fredag ikkje vore nemnt.

"BOKN - KYSTKULTUR " - PROSJEKTVEKA - 93 VED BOKN SKULE

Onsdag var felles for heile skulen. Dei hadde på førehand valt seg to grupper dei ville vere med på, og dei kunne velje mellom desse gruppene:

Lage krabbeteiner, lage dobbel/fiskehake, vere miljødetektiv/plukke søppel, vere på kjøkken og førebu matsal til fredag, fiske med line og dra trollgarn og greie dei for bruk seinare. Til dei to siste gruppene hadde me med oss 4 foreldre som "fagfolk." Takk til Ole Øvrebø, Johannes Svendsen, Jarle Larsen og Augustin Thuestad som alle stilte opp med båtar og lånte ut noko reidskap. Linene er våre og me kjøpte to trollgarn som me og vil bruke meir framover. Fangsten var god på trollgarna. Me fekk mange kilo torsk som me serverte på fredag. Likeeins fisk som vart

til fiskeburgarar.

Miljødetektivane gjorde og ein kjempejobb og samla saman mykje søppel i nærmiljøet rundt skulen, Føresvik, langs vegane og i Alvestadkroken + noko av stranda frå Steinar og nordover. Ein fin dag for oss alle.


Fredag slutta me av med ope hus for foreldre m.fl. Me fekk vist det me hadde laga og servert god "mat med tradisjon": Lefser, lappar, fiskeburgarar og fersk torsk med heimelaga flatbrød.

Nokre av elevane gav og eit samandrag av si veke og. Mennequinoppvisinga til dei yngste elevane må og nemnast som eit fint innslag i avslutningsprogrammet.

Motto for veka:

Det du er glad i , vil du gjerne kjenne,
Det du kjenner godt, blir du glad i.
Du har glede og nytte av å bli stadig betre
kjent med Bokn og livet her.

Ingjerd T.



BOKN

SANITETSFORENING

hadde i 1992 4 styremøte pluss årsmøte. Medlemstalet i foreninga er 251.

Bokn Sanitetsforening har i 1992 gitt pengebidrag m.a. til Ingeborg Jemtland fond som går til forskning i barnesjukdomar og krybbedød. Det er gitt midlar til Helga Semb fondet og til forskning av psykiske lidingar. Det er vidare gitt kr. 2.000,- til revmatismesaka, og det er gitt midlar til kampen mot narkotika. Det er også løyvd midlar til eldreomsorg.

Større beløp (kr. 10.000,-) er gitt til bassenget ved Haugesund Revmatismesjukehus. Det er gitt kr. 3.000,- til kreftforskning, og kr. 1.000,- til forskning på krybbedød. Til TV-aksjonen 1992 om psykiske lidingar vart det løyvd kr. 5.000,-.

Saniteten har elles i 1992 delt ut refleksbrikker til barn i barnehagen, elevar ved Bokn skule og til pensjonistforeninga.

Inntekt av basar i 1992 og i år skal gå til inventar ved utbygging av Bokn sjukestove.

Sanitetsforeninga sine inntekter utanom basaren kjem seg frå sal av mailodder, landslodder og fastelavnsris.

Sanitetsforeninga hadde eldrefest 13. dag jul, og i august var det tur for eldre som gjekk til Suldal.

Ved årsmøtet i år var det utanom val og demonstrasjon av friske og tørka blomster opplesing av Målfrid Kro Trosnavåg.

Styret ser nå slik ut:

Formann - Inger S. Bokneberg

nestf. - Reidun Grønnestad
kasserar- Elly Borgenvik
styremedl.- Torunn Hognaland
" Ellen Nedrebø
" Eli Kro
" Ingrid Ovidth
revisor - Bertha Våge

I 1993 skal eldreturen gå til Rosendal i august.

MINNEORD

Ragnvald Kro er død, 76 år gamal.

Ragnvald vaks opp i Kro. Han var nr. 2 i rekkja av 7 gutar og 3 jenter.

Ragnvald reiste tidleg til sjøs. I krigen var han ombord på "Rogaland" då denne vart bomba i Bergen.

Seinare var Ragnvald m.a. ein del sesongar på brislingfiske.

Han overtok så farsgarden i Kro, og dreiv denne fram til sonen Bjarte overtok. Ragnvald var ein dyktig bonde. Ved sida av å vera gardbrukar var han også på vintrafiske i fleire år.

Ragnvald har m.a. vore med i landbruksnemnda.

Ragnvald var ein god nabo og sambygding, samstundes som han var ein stillfarande mann. Han vil bli sakna.


Ragnvald Kro let etter seg kona Elise, f. Kro, 3 barn, svigerbarn og barnebarn.

OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : kl.10.00 - 13.30

ONSDAG : kl.16.00 - 19.00

TORSDAG : kl.10.00 - 13.30



BARN OG UNGDOM

Bøge, Kari:
Ryggen fri.

Hauger, Torill T.:
Varulven og Iselin.

Henriksen, Vera:
Skipet uten drage. Vest i havet.

Pedersen, Håge F.:
Kjæresten i skogen.

Solli, Åse Gyrid:
I uroksens land.

VAKSNE


La Plante, Lynda:
Bella Mafia.

Lunde, Gunnar:
Pinlig følsomhet.

Obrestad, Tor:
Hulda.

Smith, Wilbur:
Hapi - elvegudinnen.

Tolstoj, Leo:
Krig og fred.



**BIBLIOTEKET -
gratis å spørje
gratis å få svar**

FOTBALL

SпиллеPLAN FOR LILLEGUTT 11/12 ÅR AVD. E VÅREN 1993

tirsd. 27. apr.	Vindafjord 1	- Bokn	Vikedal
tirsd. 4. mai	Bokn	- Førland	Føresvik stadion
tirsd. 11. mai	Bokn	- Falkeid	Føresvik stadion
tirsd. 18. mai	Skjoldar	- Bokn	Skjold 2
tirsd. 25. mai	Bokn	- Vindafjord 2	Føresvik stadion
tirsd. 8. juni	Vindafjord 3	- Bokn	Vikedal
tirsd. 15. juni	Bokn	- Sauda	Føresvik stadion

NB! På grunn av feiltakelse er alle kampene til lilleguttene satt opp på tirsdag. Dette vil i de fleste tilfellene bli flyttet til onsdagen etter.

SпиллеPLAN FOR SMÅGUTTER 13/14 ÅR 4.div C7 VÅREN 1993

mand. 26. april	Bokn	- Brodd	Føresvik stadion
mand. 3. mai	Hundvåg	- Bokn	Hundvåg 2
tirsd. 11. mai	Bokn	- Jarl 2	Føresvik stadion
tirsd. 1. juni	Bokn	- Viking	Føresvik stadion
mand. 7. juni	Bokn	- Sjernerøy	Føresvik stadion
mand. 14. juni	Buøy 2	- Bokn	Buøy

NB! Tirsdagskampen vil bli flyttet til en annen dag.

TRENINGSKAMP FOTBALL

for smågutter 31. mars på Rennesøy.

RENNESØY - BOKN 1 - 13

Laget til Bokn:

John Øvrebø, Richard Skaar, Tor Harald Alvestad, Arnstein Hosaas, Bernt Helge Olaussen, Johnny Borgenvik og Roger Jøsang.

Scoringer for Bokn: Bernt Helge 5, Johnny 4, Richard 2, Roger 2.

Bokns beste spiller var Richard, men de andre spilte en god kamp.

Endelig fikk også småguttene en kamp. Rennesøy-laget ble ikke noen målestokk for et tent og godt Bokn-lag. I 1. omgang var Rennesøy knapt over på Bokns banehalvdel. Det ble da 7 mål på Bokn. I 2. omgang tok Rennesøy noe mer over på midtbanen, men klarte ikke å sette forsvaret på noen større vansker. Også i 2. omgang kunne det blitt flere mål for Bokn. En gjennomført god kamp av småguttene.

Treningskamp for lilleguttene 15. april Føresvik stadion.

Bokn - Stegaberg '82 1 - 4

Laget til Bokn:

Oddbjørn Almås, Bjørn Thuestad, Tore Øvrebø, Bjørn Erik Øvrebø, Bjørnar Bryningsland, Kjartan Jensen, Tor Inge Sæbø, Jostein Akسدal, Glenn Taraldlien, Erlend Nygaard.

Målet til Bokn ble laga av Glenn.

Bokn hadde beste spilleren sin i Bjørnar, mens både Erlend og Glenn spilte svært bra. Bjørn, Tore Bjørn Erik og Oddbjørn (før skaden) gjorde mange positive ting på banen. Men heller ikke denne gangen klarte vi å slå dette Stegaberg-laget. Likevel var dette lilleguttene beste kamp så langt. Bokn-laget spilte godt, spesielt i 2. omgang da de dominerte i banespill. Det var bare målene som manglet så hadde alt vært bra, men de kommer nok etter hvert.

TRENINGSKAMP FOR SMÅGUTTER

22. april i Stavanger.

Jarl 2 - Bokn 0 - 1

Laget til Bokn: John Øvrebø, Tor Harald Alvestad, Arnstein Hosaas, Bernt Helge Olaussen, Roger Jøsang, Johnny Borgenvik (1.omg.), Stephan Haram (2.omg.),

Bokns mål var selvmål.

Bokn hadde de beste spillerne sine i Tor Harald og Bernt Helge, men både John, stephan og Arnstein spilte bra.

Etter storseieren mot Rennesøy var forventningene til kampen stor. Særlig var det tamt i 1. omgang. I 2. omgang ble det etter hvert bare ett lag på banen. At det ble bare ett mål må nok den dårlige banen ta skylda for. En annen årsak er at Bokn-lag og grusbaner ikke passer så godt sammen.

TRENINGSKAMP LILLEGUTTER

Bokn - Skjold 2 4 - 3

19. april på Føresvik stadion.

Bokn sitt lag: Oddbjørn Almås, sveinung Sæbø, Bjørn Thuestad, Bjørn Erik Øvrebø, Bjørnar Bryningsland, Tore Øvrebø, Tor Inge Sæbø, Jostein Aksdal, Glenn Taraldlien.

Bokns mål ble laget av
Glenn - 3
Tor Inge - 1

Oddbjørn var Bokns beste spiller, Bjørnar, Bjørn og Glenn fikk det ganske bra til. Også de to minilag-spillerne Tor Inge og Sveinung kom godt fra kampen.

Endelig fikk lilleguttene en seier som mer var en teknisk seier enn at de var så mye bedre.


Odd Magne

NY HESTEINTERESSE PÅ BOKN

Laurdag den 17. april var det unghestvisning på Haugaland Travpark. Det var hovedsakeleg hesteeigarar med fjordingar som møtte, men også islandshestar.

Bygdabladet har snakka med Lars Morten Vatnaland som fortel at frå Bokn møtte tre hesteeigarar med fjordingar. Fjordingane tilhørde Jens Morten Vatnaland, Jan Are og Håvard Hetland. Det vart 1. premie på den 3. års fjordingen til Jens Morten, og 2. plass på den 3 års gamle fjordingen til Jan Are. Vidare fekk den 2 års fjordingen til Håvard Hetland 2. plass i sin klasse.

Døminga gjekk på bevegelse, gange, storleik, kroppsbygning m.v.



Lars Morten fortel at både fjordingen på Vatnaland og på Are ventar føl til sommaren.

Utanom desse tre fjordingane fins det tre islandshestar. To av desse høyrer til i Loden hos Leiv Våga, og elles har Eiliv Vatnaland ein. Leiv Våga seier at han skal få den eine islandshesten bedømt når det gjeld eksteriør m.v., og eventuelt bruka ho i avl.

LEIV VÅGA: ØL MÅ IKKJE BLI DAGLEGVARE

På årsmøtet i Bokn Handelslag var det Leiv Våga som tok til orde for at styret i Handelslaget burde trekka tilbake søknaden om å selja øl i kl. 2 over disk. Det var som kjent 46 medlemmer som støtta det forslaget til uttale som vart lagd fram, medan 25 gjekk imot. Uttalen gjekk ut på at årsmøtet beklagea at styret hadde søkt om disksal av øl, pluss formidlingssal, og at det ikkje var noko skam å snu i denne saka.

Bygdabladet har snakka litt med Leiv Våga om denne saka, og han gir uttrykk for at han er sterkt imot ei liberalisering av alkoholpolitikken. Han nemner at det fins tilstrekkeleg av undersøkingar og forskningsresultat på at lettare tilgjenge på alkohol resulterer i auka bruk og misbruk, og seier at han føretrekker å tru på denne forskninga. Han seier at han er særleg engsteleg for at ei

for dei heilt unge. Han er redd for at dersom det blir fritt sal av øl i daglegvarebutikkane, vil det kunna bli mykje meir tendens til såkalla "langing" frå folk som er over 18 år til dei som er yngre. Det er dessverre vaksne folk som ikkje bryr seg om at dette er eit alvorleg lovbrøt.

Vidare seier Leiv at dette med å legalisera tilgangen til øl dreg gal veg i forhold til det arbeidet av oppbyggjande karakter som blir utført blant barn og unge. Han seier at dei politikarane som nå går inn for å liberalisera alkoholsalet tek på seg eit stort ansvar, og seier at dei vaksne som vil ha øl bør kunna ta den "belastninga" det er å ta det med når dei er på bytur i staden for å utsetja lokalmiljøet for det auka forbruk og misbruk han trur det vil resultera i å få det i fritt sal over disk.

HANDELSLAGET I KLEMME I ØLSAKA?

Det var nok dei som oppfatta det slik at styremedlemmene i Bokn Handelslag fekk ein smekk over fingrane då det på Handelslaget sitt årsmøte under punktet "Eventuelt" vart røysta over ein uttale frå Leiv Våga kor det gjekk fram at årsmøtet beklaga at styret hadde søkt om ølsal over disk, pluss at ein driv bevilgingssal, og kor ein oppfordra styret til å snu i denne saka. Det vart røysta over uttalen, og eit klart fleirtal på 46 mot 25 sa seg samde med formuleringa til Leiv Våga.

Bygdabladet har snakka med formannen i styret i Bokn Handelslag, Birger Lindanger,

som seier at han ser på uttalen som ei meningsytring. I og med at saka ikkje sto på

sakslista, treng ikkje styret å retta seg etter dette. Styret må først og fremst ta økonomiske omsyn, og meiner at det ville vera uheldig for konkurranse situasjonen mellom handelsbedriftene i kommunen dersom berre ein butikk skal ha ølsal. Difor meiner han at det er rett at det er politikarane som tar endeleg avgjerd i denne saka. Formannen i styret medgir likevel at det for han og styret ikkje var kjekt at fleirtalet på årsmøtet var uenige med styret i denne saka. Saka har i ettertid også vore drøfta i styret, og blir

HANDELSLAGET I KLEMME I ØLSAKA?

tatt til etterretning. Styret i Handelslaget må likevel ta økonomiske omsyn i denne saka, og har ikkje trekt søknaden slik fleirtalet stemde for på årsmøtet. Ein tener ingenting på formidlingssal, og dess fleira kommunar rundt oss som får ølsal, dess vanskelegare er det for Bokn å stå utanfor, seier formannen i styret til bygdbladet. Til slutt vil det nok tvinga seg fram. Han

meiner at kommunane i regionen burde kunna samordna seg i dette spørsmålet, og ha felles alkoholpolitiske haldningar. Slik det har vore fram til i dag, er det stort sett berre Haugesund si handelsnæring som har hatt inntektene av ølsal. Nå vil det bli betre fordelt dersom fleire kommunar får øl over disk. Også kommunen vil få avgift inn på dette som bør kunna brukast til førebyggjande arbeid.

SPESIALAVFALL

Spesialavfall kan du levera direkte til Toraneset renovasjonsplass. Dei tek i mot spillolje, batteri, måling, lim, lakk, plantevernmiddel, hobbykjemikaliar o.l. Dei tappar og av KFK- gass frå kjøleskåp og fryseboksar. På Toraneset er det gratis levering for private. Du kan og levera spesialavfallet til Miljøservice Vest i Haugesund. Der må alle betala for å levera.

Både Bokn kommune og Toraneset Renovasjonsselskap har arbeidd ein del med å få til mottak lokalt. Toraneset har ikkje heilt klarlagt om dei skal satsa på miljøbil eller eit fast mottak i kommunane. Bokn kommune har difor valt å venta litt med eit opplegg i håp om at Toraneset finn ein måte å løysa det på.

De må ikkje setja bilbatteri ved sida av avfallscontainerane. Her vil dei vera ei stygg fare for born, dyr og naturen rundt. Bokn kommune har ikkje godkjent mannskap og materiell til å frakta dette vekk. Den ordinære bossbilen kan heller ikkje ta dei med. Du er kvitt ditt problem med å setja batteriet der, men du kan samtidig påføre andre stor skade. Har du eit bilbatteri du ikkje brukar så lever det snarast til godkjent mottak og ikkje utsett dyr, natur, deg sjølv og medmenneska dine for unødig risiko. La heller ikkje bilbatteri stå heime utan grunn. Det er like stor fare der.

TEKNISK ETAT




KOMMUNAL BADEPLASS

Det er nå alt fleire år sidan at det vart vedtatt å bruka eit kommunalt område mellom Boknabergsjøen og Fyren til offentleg badeplass. Arbeidet med tilrettelegging har gått seint, men noko er gjort, og meir skal gjerast nå før badesesongen. Området ligg slik til at ein kan sykla, gå eller kjøra fram med bil, og det er planlagt parkeringsplass, levegg, og noko leplanting. Det er lagt ut ein liten molo, og raka stein slik at fin sand kjem fram.

Området er relativt stort, og kan også brukast til arrangement som t.d. St. Hans feiring. Det er avsette overførde budsjettmidlar til å gjera noko meir i år, og ein ynskjer å få noko gjort på dugnad.

Sidan plassen er offentleg, ynskjer ein at flest muleg kan vera med og seia si mening om korleis dei ynskjer at det skal leggjast til rette. Det vert difor kalla inn til eit møte for å planleggja framdrifta av tiltak/dugnad måndag den 10. mai kl. 19.00 på Allrommet.



FIN UTSTILLING PÅ VEVSTOVA

Vevstova hadde utstilling på gamle skulen den 18. april. Her hadde dei sett fram det meste av det som er produsert der oppe i løpet av dei siste åra. Det var løparar, åkle, dukar, pledd, sjal, filleryer og sofaputer, alt i ymse teknikkar og fargar.

Det var mykje fint å sjå for dei som tok turen. Dei fekk seg også ein kaffikopp, lefse, kake m.m.

Vevkjerringane var svært nøgde både med utstillinga og besøket.

BYGDEUTVIKLING

Den 8. mars var det eit fellesmøte mellom Bokn Bondelag, Bokn Småbrukarlag og Bokn Næringsforum om bygde- og næringsutvikling.

Det var orienteringar frå jordbruks/skogbruksetaten for Tysvær og Bokn om nye aktuelle satsingsområde som turisme, bærproduksjon, grønsakproduksjon, juletreproduksjon, pyntegrønt m.v.

Vidare fekk deltakarane orientering om krav som blir stilt for å starta opp ny produksjon, m.a:

Kunnskap - marknadskunnskap, samarbeid med andre produsentar, tilgang på arbeidskraft m.v.

Det vart også peika på utmarksressurser som jakt, fiske og friluftsliv.

Det fins eit bygdeutviklingsfond kor Rogaland vil få omlag 10 -12 mill. kroner til nye næringar på landsbygda.

I ein åpen diskusjon på møtet kom det m.a. fram idear og tankar:

- Det må gis informasjon om kor ein skal venda seg for å få opplysningar når ein vil ha hjelp til å starta noko nytt.

- Åpen gard for for skulebarn, klassar, barnehagar. Føremålet er å få dei unge til å skjønna kva gardsdrift inneber.

- åpen gard, gardsferie (turisme)

- Utnytting av fornminner.

- Turstiar.

- Registrering av ledige hytter/hus til utleige.

- Felles oppfylgjingsmøte kor fleire interressentar kan møta. Både miljøkonsulent, fiskarlag bør vera med i tillegg til dei som møtte nå.

- Valfag på skulen.

- Informasjon gjennom bygdablاد.

- Bondelaget lagar lagshytte for turisme.

- Felles selskap for å byggja hyttefelt.

- Førebels kontaktpersonar:
Landbrukskontoret
Sigmund Alvestad
Stein Alendal

Bygdeutviklingsfondet:

Det fins eit BU-fond (bygdeutviklingsfond) kor det kan søkjast om støtte til bygde- og næringsutvikling. Støtte kan m.a. søkjast til - Utgreiings - og tilretteleggingstiltak, - Etablerarstipend, - Bedriftsutviklingstiltak, - Investeringstiltak og - Andre tiltak.

Nærare opplysningar om BU-fondet som er eit tilskotsfond, kan ein m.a. få ved å venda seg til Landbrukskontoret eller næringskonsulenten.



PÅMELDING TIL SKULEÅRET 93/94

MUSIKKSKULEN KAN TILBY :

- ASPIRANT TIL SKULEKORPSET (messing)
- DRAMA
- FELE
- GITAR
- KEYBOARD
- KLARINETT
- KOR
- LEIKARRING
- MESSINGBLÅS
- MUSIKKBARNEHAGE
- MUSIKK/DRAMA/FORMING I SKULEFRITIDSORDNINGA
- ORGEL
- PIANO
- POP-GRUPPE
- SALSA
- SAXOFON
- SLAGVERK
- SOLOSONG
- TREKKSPEL
- TVERRFLØYTE

KOMMENTARAR TIL AKTIVITETANE :

ASPIRANT TIL SKULEKORPSET

Det er her dei fleste lærer å spela korpsinstrument, og då går barna vanlegvis i 2. eller 3.klasse. Ein 2. klassing har ikkje problem med å fylgja lærarverket som blir brukt.

BARN I 4.KLASSE OG OPPOVER KAN SJØLVSAGT OGSÅ BLI ASPIRANTAR - SKULEKORPSET TRENG MEDLEMMER !

ASPIRANTEN BLIR FLYTTA OVER I HOVUDKORPSET NÅR TIDA ER MODEN FOR DET - VANLEGVIS ETTER TO ÅR.

INSTRUMENTET BLIR UTLEVERT RETT FØR SOMMARFERIEN ELLER VED OPPSTARTINGA TIL HAUSTEN.

ASPIRANTUNDERVISNINGA ER GRATIS !

DRAMA

Her lærer du å bruka dei kreative evnene dine både for deg sjølv og andre. Vanlegvis jobbar me med eit skodespel mot ein framføring, slik som "ASKEPOTT PÅ DISCO". Det er alltid ei rolle som passar for deg. Viss rolla ikkje er der, lagar me ei. Her brukar både lærarar og elevar kreativiteten på alle måtar !

Mange trur at du må både kunna syngja og dansa for å vera med. Dette er sjølvsagt ikkje tilfelle.

Dersom stor påmelding er det aktuelt å dela opp i fleire grupper. Det oppstår lett problem med bl.a. val av skodespel med stor aldersskilnad.

DETTE TILBODET ER FOR ELEVAR F.O.M. 4. KLASSE

FELE

Denne undervisninga er FOLKEMUSIKKBASERT. Det blir nytta mykje speling "på øyra".

Du treng ikkje ha fele sjølv. Det er mogleg å låna, og musikkskulen kjem til å kjøpa inn feler dersom stor interesse.

I undervisninga kan der nyttast både flatfele og hardingfele.

GITAR

DETTE ER FOR DEI SOM VIL LÆRA Å SPELA GITAR ANTEN ETTER NOTER ELLER BESIFRING. Det sistnevnte betyr at du akkompagnerer deg sjølv og andre ved hjelp av å lesa bokstav- og tal-symbol (akkordar).

Det er også mogleg å seinare spela elektrisk gitar.

KEYBOARD

Keyboard - ein synthesizer med både innebygde rytmar og høgtalarar - er blitt veldig populært å spela på, og fleire og fleire skaffar seg 80- og 90-åras heime-instrument.

Viss du har - og ynskjer det, får du undervisning på ditt eige instrument. Musikkskulen har også eit av dei beste keyboarda på markedet i dag som sjølvsagt blir brukt i undervisninga, og som du av og til kan låna med deg heim.

Du lærer m.a. å akkompagnera (kompa) deg sjølv og andre ved hjelp av AKKORDAR. Med bruk av RYTMAR og FORSKJELLIGE LYDAR får du - også som nybegynnar - kjensla av å styra eit heilt orkester.

Det heiter at "keyboardet fylgjer deg". Når tida er moden for det øver me inn SOLOSTYKKER dvs. der du gjer alt sjølv. Moderne keyboard kan det meste, og du får også undervisning i å GJERA OPPTAK - m.a. til PLAYBACK. Me driv også med IMPROVISASJON og KOMPONERING.


KLARINETT

Eit nytt instrument i Bokn musikkskule.

Klarinetten høyrer til treblåsarfamilien, og er det vanligste der. Tonen blir laga ved hjelp av eit enkelt røyrblad som er festa til eit munnstykke. Klarinetten blir brukt i musikk av alle slag.

Tilbodet er eit samarbeidsresultat med Tysvær musikkskule, men undervisninga blir gitt i Bokn.

Instrumentet blir lånt i Tysvær.



KOR

Dette tilbodet omfattar alle typar kor. Kor-entusiastar som vil ha kor i Bokn kryssar av her, og påmeldinga avgjer kortype.

LEIKARRING

Musikkskulen tilbyr leikarring for NYBEGYNNARAR.

Tilbodet gjeld for vaksne og barn. Me grupperer sjølvsgagt dei interesserte.

MESSINGBLÅS

Dette er m.a. eit tilbod for MESSINGBLÅSARAR I SKULEKORPSET som vil spela saman og læra meir utanom korpsøvingane. Undervisninga tar utgangspunkt i REPERTOARET TIL SKULEKORPSET, men me driv også ein del med TEKNISKE ØVINGAR og SPELING ETTER PLAYBACK. Vanlegvis er dette tilbodet gratis for musikantane.

Tilbodet går også til ENKELTELEVAR. Det kan vera elevar som vil satsa skikkeleg - der eit mål er å koma inn på MUSIKK-KONSERVATORIUM, eller elevar som føler at dei har behov for ekstraøving saman med lærar i tillegg til korps-spelinga.

MUSIKKBARNEHAGE

I samarbeid med barnehagen har musikkskulen utvikla eit tilbod for barn opp til 6 år. Forutan musikk-leik, osv. vil me leggja vekt på barnekor.

Musikkbarnehagen kan organiserast både på formiddags- og ettermiddagstid. Dette kjem me tilbake til dersom musikkbarnehagen startar opp.

MUSIKK/DRAMA/FORMING I SKULEFRITIDSORDNINGA

I samarbeid med skulefritidsordninga har musikkskulen utvikla eit tilbod for barn frå 6 år t.o.m. 3 klasse. Aktiviteten foregår mellom kl. 12.30 og 14.00, og er i første rekke for dei elevane som er under skulefritidsordninga. Men tilbodet er også for elevar i rette aldersklassen som ikkje er med på skulefritidsordninga.

Denne aktiviteten er prosjektbasert; går inn i den lokale læreplanen til grunnskulen, og jobbar fram mot store arrangement som juleavslutninga, "prosjektveka" og skuleavslutninga. Dette kan vera eit skodespel der dei som ikkje vil opptre på scenen jobbar me kostymar, kulissar, plakatar og andre formingsaktivitetar.

ORGEL

Musikkskulen gir her opplæring på både elektrisk orgel og kyrkjeorgel.

PIANO

Her blir det gitt opplæring på det klassiske pianoet.

POP-GRUPPE

Dette må me sjå litt i samanheng med eit salsa-band. Ei pop-gruppe kan også spela salsa, men det må sjølvstøtt lærast frå byrjinga - og det gjer du i salsa-bandet.

Meininga med pop-gruppa er å starte opp eit band som seinare kan stå på egne bein. Dei vanlegaste instrumenta her er gitar, bass, keyboard, trommer og vokal (song)

SALSA

Her lagar me salsa-band. Salsa er egentlig ein spansk-ameriansk folkedans frå Puerto Rico. I dag blir ordet salsa brukt om fleire typar latinamerikansk-påverka jazz og pop-musikk. Ei kjent gruppe som spelar salsa er "Santana".

Det er rytmeinstrumenta (percussion) som er dei viktigaste i salsa-musikken. Teknikken er enkel å lære, og det tar ikkje lang tid før eit slikt band fungerer. Seinare legg me på instrument som piano, bass, gitar, song og blåsarar.


Eit samarbeidsprosjekt med Tysvær musikk-skule. Viss interessa er stor nok blir øvingane i Bokn.

SAXOFON

Også eit nytt instrument i musikk-skulen. Lyden på saxofon blir laga på same måten som på klarinetten. Derfor høyrer også dette instrumentet til treblåsarfamilien, sjølv om det er laga av metall.

Det er forholdsvis enkelt å lære seg dette instrumentet. Grepene kan me lett samanligna med blokkfløyte-grep. Det heiter også at viss du har spilt eller spelar tverrfløyte klarar du lett å spela saxofon.

Her er også Tysvær musikk-skule med i bildet, men undervisninga skal vera i Bokn - og instrumentet får me leigd.



SLAGVERK

Det er ikkje klart i skrivande stund, men me satsar på å få ein fast slagverk-lærer som kan undervisa i alle typar slagverk. Då tenkjer me på alt frå xylofon til pauker.

Først og fremst er det slagverk-rekrutteringa til korpsa som må sikrast, men me kan også sjå dette i samanheng med salsa-musikk.

DETTE BETYR AT MELDER DU DEG PÅ SLAGVERK FOR Å VERA ASPIRANT I SKULEKORPSET ER DETTE GRATIS FOR DEG !

SOLOSONG

Er du veldig glad i å syngja og har lyst til å syngja meir åleine saman med piano m.m., er dette tilbodet for deg. Her blir det jobba med å utvikla stemmen din.

TREKKSPEL

MUSIKKSKULEN HAR TREKKSPEL, så du treng ikkje ha dette kostbare instrumentet sjølv.

Du vel sjølv om du vil læra noter - eller berre spela "på øyra".
UNDERVISNINGA ER PÅ KVELDSTID - ETTER AVTALE MED LÆRAREN.

TVERRFLØYTE

Musikkskulen har lange tradisjonar med undervisning på dette treblåseinstrumentet, og tilbodet held fram

VISS DU LURR PÅ KVEN SOM ER LÆRAR(ANE) PÅ DEI FORSKJELLIGE
AKTIVITETANE KAN DU TA KONTAKT MED MUSIKKSKULEN.

Som tidlegare år må eg gjera merksam på ventelister, og det
lønner seg å vera tidleg ute viss du vil sikra deg plass på noko.

Det er inga aldersgrense i musikkskulen. Ungar før skulealder kan
altså begynna. Dersom du lurar på om tida er moden for
aktivitets-start for ditt barn, skal me sjølvsgt prøve å hjelpe
deg med dette.

Musikkskulen er i år ute med dette 1 mnd. seinare enn
vanleg p.g.a. tid med samarbeidsavtalar og opp -
klaringar. Derfor : MERK DEN KORTE SØKNADSRISTEN !

TIL DEG SOM SKAL VELGA :

BRUK TIDA, DET ER MASSE Å VELGA MELLOM -OG HUGS AT DU
MELDER DEG PÅ FOR EIT HEILT SKULEÅR.

MUSIKKSKULEN HAR OGSÅ EIT GODT SAMARBEID MED FYLKEMUSIKARANE, OG
DET KAN BLI AKTUELT Å SENDA ELEVAR SOM YNSKJER DET TIL HAUGESUND.
PR. I DAG HAR ME 1 ELEV SOM HAR UNDERVISNING HOS
FYLKESMUSIKARANE.

TA ELLERS KONTAKT MED MUSIKKSKULEN VISS DU HAR ANDRE SPØRSMÅL.

KVA KOSTAR DET ?

HALVÅRSSATSAR FOR ELEVBETALING

FRÅ 01.01.93

1. EINETIMAR	(30 min./veke)	KR. 765
2. INSTRUMENTALGRUPPER	(90 min./veke)	KR. 510
3. KOR, LEIKARRING, DRAMA, OSV.	(90 min./veke)	KR. 375

(Ei gruppe vil seie 2 eller fleire.)

1. EINETIMAR :

- * Fele
- * Gitar
- * Keyboard
- * Klarinett
- * Orgel
- * Piano
- * Saxofon
- * Solosong
- * Trekkspel
- * Tverrfløyte

2. INSTR.-GRUPPER

- * Fele
- * Gitar
- * Messingblås
- * Pop-gruppe
- * Salsa
- * Slagverk
(Gratis for asp.)
- * Trekkspel

3. KOR, OSV.

- * Drama
- * Kor
- * Leikarring
- * * Musikkbarnehage
- * * Mu./Dr./Fo. i
skulefritidso.

* * Når det gjeld betaling for Musikkbarnehage på dagtid og for Mu./Dr./Fo. i skulefritidsordninga for elevar som deltar i skulefritidso., er ikkje dette klart i skrivande stund. Musikkskulen vil komma tilbake seinare med dette for dei aktuelle.

Det kan bli aktuelt med gruppe-undervisning på fleire aktivitetar enn vanleg dersom pågangen til elevplassar blir stor. Musikkskulen vil då kontakta elevane når den tid kjem.

FOR PÅMELDING KRYSS AV
PÅ SKJEMAET NESTE SIDE
OG LEVER/SEND DET TIL
MUSIKSKULEN.

Bokn, 29.04.93


Jarðar Havikbotn

- rektor -



PÅMELDING TIL SKULEÅRET 93/94

Viss fleire i fam.
ynskjer plass, set
de kryss i den
aktuelle ruta bak
aktiviteten.

NAMN : 1. _____
2. _____
3. _____
4. _____

1. 2. 3. 4.

- ASPIRANT TIL SKULEKORPSET				
- DRAMA				
- FELE				
- GITAR				
- KEYBOARD				
- KLARINETT				
- KOR				
- LEIKARRING				
- MESSINGBLÅS				
- MUSIKKBARNEHAGE				
- M./D./F. I SKULEFRITIDSO.				
- ORGEL				
- PIANO				
- POP-GRUPPE				
- SALSA				
- SAXOFON				
- SLAGVERK				
- SOLOSONG				
- TREKKSPEL				
- TVERRFLØYTE				

KLIPP

SØKNADSRIST FREDAG 14. MAI

SIGVART DAGSLAND TIL BOKN

TORS DAG 13. MAI KL. 19.30
VIL SIGVART DAGSLAND HALDA
KONSERT PÅ SKULEN.

BILETTANE KOSTAR KR. 100,-

SAL HOS STEINAR ALVESTAD
BOKN HANDELSLAG
BOKN MUSIKKSKULE

KOR MANGE BILLETTAR ME SKAL
LEGGJA UT FOR SAL ER IKKJE
KLART ENDA, OG DU BØR VERA
TIDLEG UTE VISS DU VIL HA
BILLETT.

I LØPET AV 1,5 TIL 2 TIMAR
VIL DU FÅ HØYRE UTRAG FRÅ
REPERTOARET HANS. DET BLIR
MEST POP-BALLADAR, MEN OGSÅ
ANDRE TING FRÅ KARRIERA TIL
SIGVART DAGSLAND - SÅ HER
ER NOKO FOR EIN KVAR.....

DETTE ER EIN SÅKALLA SOLIST-
KONSERT, DER HAN BÅDE SPELAR
OG SYNG.

Arr. Bokn Musikkskule
Bokn Brass



Sigvart Dagsland, komponist, arrangør og vokalist, er født i Stavanger 18. oktober 1963. Han var ein periode med i "Løgnaslaget". I 1982 begynte han eit samarbeid med Erik Hillestad på "Kirkelig Kulturverksted" (Plateselskap) i Oslo. Sigvart var bl.a. med på plata "Dans med oss Gud" i 1982 (eit musikkspel).

PLATEPRODUKSJONAR

1985 -	"JOKER"	Solo Lp/Mc
1987 -	"DE UMULIGE"	Solo Lp/Mc
	"FOLKET SOM DANSER"	Single
	(duett med Sissel Kyrkjebø)	
1988 -	"SEKULUM SEKULI"	Solo Lp/Mc/Cd
1990 -	"ALT EG SÅG"	Solo Lp/Mc/Cd
	(fikk "Spellemannsprisen i kategorien pop)	
1991 -	"SIGVARTS BESTE BALLADER"	Lp/Mc/Cd
1992 -	"BEDRE ENN STILLHET"	Solo Cd/Mc

I heile perioden har han holdt konsertar rundt om i landet, åleine, saman med Iver Kleive eller med band. Har reist på studieturer til Østen saman med "Worldview Int. Foundation". I tillegg til musikken studerer Sigvart for tida ved Universitetet i Bergen - og seinare i mnd. skal han gifta seg med Karoline Krüger.

VELKOMEN TIL KONSERT !

Jordan



BOKN KOMMUNE

TELEFON (04) 74 85 00 — TELEFAX (04) 74 86 90
4290 BOKN

STADNAMN - KUNNGJERING

I SAMBAND MED AT NOREGS SJØKARTVERK SKAL KOMA MED EI REVIDERT UTGÅVE AV SJØKART NR. 16 I LØPET AV ÅRET, HAR NAMNEKONSULENTTENESTA FOR VESTLANDET HEILE NAMNEMASSEN, OG HAR KOME MED NAMNEFORSLAG PÅ STADENE. I TILLEGG HAR DEI BEDE BOKN KOMMUNE OM Å UTTALA SEG TIL SKRIVEMÅTEN. SAKA SKAL OPP I FORMANNSKAP OG KOMMUNESTYRE, OG EIN BED OM AT EV. MERKNADER TIL DEI TILRÅDDE SKRIVEMÅTANE VERT SENDE TIL BOKN KOMMUNE, 4290 BOKN INNAN 21.05.93. ULIKE SAKSPAPIR ER LAGDE UT PÅ BOKNATUN.

Stadnamn i Bokn som skal vurderast i høve tilskrivemåte:


Namn:		Tilråd. frå Namnekonsulenten:	Tilråding til uttale frå komm.styret:
Skrulholmen	holme	Skrulholmen	Skrulholmen
Trosnavågneset	nes	Trosnavågneset	Trosnavågneset
Bergsuggenakken	nes	Bergsuggenakken	Bergsuggenakken
Bergsuggenakken			
Vinterstø	stad	Vintrastø	Vintrastø
Vintrastø			
Trosnavåg	stad(bruk)	Trosnavåg	Trosnavåg
Trosnavågjen	bukt	Trosnavågen	Trosnavågen
Gunnarstadvatnet	ferskv.	Gunnarstadvatnet	Gunnarstadvatnet
Purkesteinane	skjer	Purkesteinane	Purkesteinane
Regaviggå	vik	Rekavika	Regavika
Rekavika			
Tjørnavika	vik	Tjørnavika	Tjydnavika
Kydnavika			
Oddaneset	stad(bruk)	Ådnaneset	Ådnaneset
Ådnaneset			
Hattahåla	stad	Hattahola	Hattahola
Grønstadvatnet	ferskv.	Grønstadvatnet	Grønstadvatnet
Grønstad	stad(bruk)	Grønstad	Grønstad
Grønstadvågjen	våg	Grønstadvågen	Grønstadvågen
Skipaskjer		Skipaskjeret	Skebaskjeret
Skebaskjer			
Skebaflua	båe	Skipaflua	Skebaflua
Kjelsflua	båe	Kjelsflua	Kjelsflua
Nebbeskjer		Nebaskjeret	Nebbeskjeret
Nebaskjer			
Ringpynten		Ringpynten	Ringpynten
Stolvikgå			
Stolvika	bukt	Stolvika	Stolvika
Sønnalandsstraumen	sund	Sønnalandsstraumen	Sønnalandsstraumen
Sønnaland	stad(bruk)	Sønnaland	Sønnaland
Arafjellet		Arafjellet	Arafjellet
Arrefjellet			
Røyrvika	bukt	Røyrvika	Røyrvika
Røyrvik			
Røyrvikneset		Røyrvikneset	Røyrvikneset
Dalhamn		Dalhavnen	Dalhabn



Skrivemåten til stadnamna på sjøkart nr. 16, framh.

Namn		Tilråd. frå Namnekonulenten:	Tilråding til uttale frå komm.styret:
Jøsen	stad(bruk)	Jøsen	Jøsen
Jøsang			
Jøsangvåg		Jøsenvågen	Jøsenvågen
Langanesvåg		Langanesvågen	Longanesvågen
Langanes	stad	Langanes	Longanes
St,L Kjeøya		Stora Kjeøya	Stora Kjeøya
		Litla Kjeøya	Litla
Røssholmen		Røssholmen	Russholmen
Russholmen			
Flatholmen		Flatholmen	Flatholmen
Sandholmen		Sandholmen	Sandholmen
Vierhomane		Vierholmane	Vierholmane
Geita	pynt	Geita	Geita
Geitaklubb			
Galten	båe	Galten	Galten
Dyna	båe	Dyna	Dyna
Drivsundholmen		Drivsundholmen	Drevsundholmen
Drevsundholmen			
Kjøresundsodden		Kjøresundsodden	
KjøresundsoddenHagafjell			Hagafjellet
Hagafjellet			
Kjølevik	vik	Kjølevik	Kjølevik
Kjølevikneset		Kjølevikneset	Kjølevikneset
Storevåg	våg	Storevågen	Storevågen
Loten	stad(bruk)	Loten	Loden
Vardafjell		Vardafjellet	Vardafjellet
Ausevika		Ausevika	Ausevika
Rekevika		Rekavika	Regavika
Ausevikskjer		Ausevikskjeret	Ausevikskjeret
Skolten	båe	Skolten	Skolten
Kleppeflu	båe	Kleppeflua	Kleppeflua
Klappskjer		Klappskjeret	Klappskjeret
Langholmen		Longholmen	Longholmen
Ternesker		Terneskeret	Tedneskeret
Tednesker			
Sauøy		Sauøya	Sauøya
Krabbaskjer		Krabbaskjeret	Krabbaskjeret
Olaskjer		Olaskjeret	Olaskjeret
Olavskjer			
Stompen	båe	Stumpen	Stumpen
Stangholmen		Stongholmen	Stongholmen
Bussholmane		Bussholmane	Bussholmane
Kråka		Kråka	Kråka
Brokholmane		Brokholmane	Brøgene
Vestre Bokn		Vestre Bokn	Vestre Bokn

GAUKEN
ER
KOMEN



Sundag morgon den 25. april
hørde me gauken for fyrste
gong i år. Det er uvanleg
tidleg, men veret har vore så
fint ei tid nå, så det har nok
lokka han til å ta del i all
den andre fine fuglesongen.

Vårhelsing frå Håland.

SPEIDARANE PÅ TOKT

Dersom alt ordnar seg skal
speidarane i Bokn på tokt til
Sunnhordland og Bergenskanten
i slutten av juli. Det er
gjort ein avtale om å kunna
leiga den tidlegare
redningsskøyta "Johannes
Østensjø Jr." i sommar mot eit
visst vedlikehald. I tillegg
til dei vaksne leiarane i
speidaren, vil Augustin
Thuestad vera med på den 5
dagers turen i sommar.



BOKN KOMMUNE Bokn barnehage

Ledige stillingar frå 01.08.93.

Utbygging av barnehagen i Bokn er under utredning. Barne-
hageåret 1993/94 reknar ein med å drive barnehagen med
tre avdelingar i 3 ulike lokale. Med atterhald om kommune-
styregodkjenning er følgjande stillingar ledige frå 01.08.93:

3 avdelingsleiarstillingar

Ein ønskjer i første rekkje søkjarar med førskulelærerut-
danning, men også andre blir oppfordra til å søkje. Dersom
ein ikkje får tilsett førskulelærer, vil det bli aktuelt med
mellombels tilsetjing av personale utan slik utdanning.

2,7 assistentstillingar

Heile stillingar og deltidstillingar.

Tilsetjing på vanlege kommunale vilkår.

Søknad blir å senda Bokn skulekontor, 4290 Bokn
innan torsdag 6. mai 1993.

Skulesjefen

RESOLUSJONAR FRÅ SENTERKVINNENE

På Senterkvinnene i Rogaland
sitt årsmøte den 17. april
vart det vedtatt 3
resolusjonar.

Den eine var ei oppmoding til
kommunane i fylket om å yta
tilskot til organisasjonen AAN
(Alternativ til Abort Norge).
denne organisasjonen har
rådgjevingskontor både i
Stavanger og Haugesund.

Vidare vart det vedtatt ein
resolusjon vedrørande
flyttinga av 76 arbeidsplasser
hos Kodak Norge A/S i
Stavanger til Oppegård som ein
meiner har uheldige fylgjer
for dei kvinnene som misser
arbeidet.

Den tredje resolusjonen var
ein sterk advarsel mot å
svekka innarbeidde
trygderettar for kvinner.
Denne resolusjonen vart gjort
på bakgrunn av signal frå
sosialminister Grethe Knudsen
om ein gjennomgang av
velferdsordningane i landet.



Det skal delast ut kulturpris for første gong til hausten. Ein har tidlegare bede om forslag på kandidat, og har fått inn nokre forslag. Ein ynskjer likevel fleire forslag. det kan vera enkeltpersonar, lag, eller andre som har utført eit særskilt verdfullt arbeid på kulturområdet eller i nærmiljøet i Bokn kommune.

Ny frist for innsending av forslag er 21. mai 1993. forslag kan sendast til Bokn kulturkontor, ev. munnleg.

Bokn kulturstyre

17. MAI

Det er i år kulturstyret som står som arrangør av 17. mai arrangementet i Bokn. Leiaren i kulturstyret seier til bygdabladet at feiringa vil gå etter tradisjonelt mønster. Rundskriv med program kjem i posten. Odd Kvalevåg vil vera talar på festen om kvelden.

Alle lag, foreningar og enkeltpersonar som driv med kulturaktivitetar i Bokn kan søkja om tilskot for 1993. Søknadsskjema får ein ved å venda seg til kulturkontoret.

NB! Søknader som kjem inn etter fristen, kan ikkje rekna med å bli behandla.

Søknadsfrist: 21. mai 1993.

Bokn kulturstyre

MIDLAR TIL LAG OG FORENINGAR

Bokn Handelslag har kr. 5.00,- som skal delast ut til lag og foreningar.

Send søknad innan 1.juni 1993 til Bokn Handelslag, 4290 BOKN

BOKN BYGDEBLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune
4290 BOKN
Tlf.04-748500
Postgirokonto nr.0806 5 68 45 01
Bankgirokonto nr.3373.07.00305

BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.
Utanbygds: kr.100,- pr. år.

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr.300
Halv side:kr.150
1/4 side: kr. 75
1/8 side: kr. 50
Små privatannonsar: kr.10,-.

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.
Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

KONFIRMANTAR I BOKN 9. MAI:

Ingri Are
Johnny Borgenvik
Stephan Haram
Emma Kristina Hansen
Henning Jøsang
Marie Thuestad
Grethe Øvrebø
Terje Øvrebø

HELSESTASJONEN

er stengd den 4. mai.

TANNKLINIKKEN

Ungdom fødd i 1976, 75, 74,
73. Vennligst ta kontakt for
timebestilling snarast.
Tannklinikken er stengt
10.-25. mai.

TIL SALGS

RANA 15,5' m/ 20HK
YAMAHA.Vindskjerm, kalesje,
elektr. lensepumpe, batteri
osv.
Kr. 9.900,-.
Tlf. 04 74 83 25

TIL SALGS

Redningsvest til barn 16-30
kg. som ny rimeleg tilsalgs.
Bæremeis for barn rimeleg t.s.
Tlf. 04 74 85 66



09.05. kl.11.00.
Konfirmasjonsgudsteneste
v/ Bårdsen. Offer til
soknerådskassen.
17.05. kl.10.00. Familiegudst.
v/ Bårdsen. Offer til
Kirkens Nødhjelp.

KYRKJEBYGDA SUNDAGSSKULE

16. mai og 23. mai kl. 14.00.

FOTPLEIE

Det vert fotpleie onsdag den
12. mai.
Påmelding til sosialkontoret i
tlf. 04 74 85 00 snarast.

TAKK

Takk til dykk som sende
helsing og blomar til Ragnvald
si gravferd.
Takk til dykk som såg til han
i vonde dagar. Det gjorde oss
alle godt.

Elise, barn, svigerbarn og
barnebarn.